





# Det pedagogiske arbeidet med mat og måltid i barnehagen

- **Kartlegging av det pedagogiske arbeidet kan støtta implementering av fagområda i rammeplanen, og bidra til at barna får moglegheiter til å læra og utvikla seg gjennom mat- og måltidsaktivitetar i barnehagen**
- Barna medverkar og deltek i mat- og måltidsaktivitetar ut ifrå eigne behov og føresetnader for å:
  - Tileigna seg ulike kunnskap og ferdigheiter
  - Utforske, undra seg, meistra, erfara og bruka sansane sine
- **Ein god pedagogisk arena: Implementerar dei ulike fagområda til rammeplanen i mat- og måltidsaktivitetane**
  - Pedagogiske mål og funksjonar i mat og måltid bør forankrast i årsplanen til barnehagen
- Samarbeid med føresette
  - Korleis kan mat- og måltidsaktivitetar brukast for å oppnå dei pedagogiske måla og funksjonane?





# Forankring av mat og måltid

- *Forskriftene for Barnehagelova og rammeplan for barnehagen* seier at barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemd med ein helsefremjande og førebyggjande funksjon.
- Innan fagområdet «Kropp, rørsle, mat og helse» skal personalet leggja til rette for at barna tileignar seg gode vanar og haldningar, kunnskap om sunne helsevanar og utviklar matglede.
- Ifølgje *Nasjonale retningslinjer for mat og måltid i barnehagen*, skal mat- og måltidstilbodet vere i tråd med *Helsedirektoratets kostråd*. Handlingane og avgjerdene til personalet skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. *Grunnlova §104 og barnevernkonvensjonen art. 3 nr. 1*





# Gjennomføring av kartleggingsverktøyet

- Kartleggingsverktøyet blir brukt i fellesskap eller gruppevis/avdelingsvis av styrar, pedagogiske leiarar og tilsette
- Gå igjennom eitt punkt om gongen
- Diskuter og reflekter saman
- Svar «ja», «av og til» eller «nei» på punkta
- Bli samd om kva de er gode på og avdekk forbetningsområde
- Sjekklista finn de på [mhfa.no](http://mhfa.no)





## Kartlegging av det pedagogiske arbeidet med mat og måltid i barnehagen

11 punkt





# 1. I vår barnehage ...

**... nyttar vi måltida som ein pedagogisk arena**





## 2. I vår barnehage ...

**... legg vi til rette for at barna får medverke i mat- og måltidsaktiviteter**





### 3. I vår barnehage ...

**... har vi forankra mat- og måltidsarbeidet i  
årsplanen**





## 4. I vår barnehage ...

**... nyttar vi fleire av rammeplanens fagområde i mat- og måltidsaktivitetar**





## 5. I vår barnehage ...

**... gir vi barna moglegheiter til å delta og utforske i sjølve matlaginga og til å nytte sansane sine**





## 6. I vår barnehage ...

**... vektlegg vi at barna skal få forståing for og oppleve ulike matkulturar**





## 7. I vår barnehage ...

**... gir vi barna innsikt og forståing for matens opphav, produksjon og vegen frå mat til måltid**





## 8. I vår barnehage ...

**... ivaretek vi måltidets viktige funksjon som sosial arena med fellesskap og gode samtalar**





## 9. I vår barnehage ...

**... er måltida lagt til rette for å bidra til deltaking, samtalar og fellesskapskjensle hos barna**





## 10. I vår barnehage ...

**... er personalet bevisste på å være deltakende og aktiv i måltida saman med barna**





# 11. I vår barnehage ...

**... har vi etablert ein delingskultur (mellom personalet/avdelingar) for arbeidet med mat og måltid**






## Vidare vurdering

Er svaret «nei» eller «av og til» på nokre punkt? Bruk følgjande refleksjonsspørsmål for vidare vurdering:

- Kva for punkt er enklast å ta tak i/endre?
- Kva for punkt er viktigast å ta tak i?
- Kven har ansvaret for å igangsetje og følgje opp endring?
- Korleis går ein fram for å gjere endringane? Kva er første steg?
- Korleis skjer oppfølging av endringar/tiltak?
- Når skal endringar/tiltak igangsetjast?





Nasjonalt senter  
for mat, helse og  
fysisk aktivitet